

ÅRSMELDING FOR HORDALAND NEI TIL EU

FRÅ ÅRSMØTET 14. MARS 2025 TIL ÅRSMØTET 20. MARS 2026

INNLEIING:

2025 var eit valår, folket valde nytt Storting, og opptrappinga til valdagen vart ein lang og god valkamp for Hordaland Nei til EU. Styret har, og har hatt som mål å verta meir aksjons- og aktivitetsorientert med eit klart mål om å nå ut til folket med kunnskap og informasjon.

Me har langt på veg lukkast med det. Tidleg i 2025 vart det etablert ei aksjonsgruppe som skulle ha ansvar for både valkampsaktivitetar og for andre aktivitetar knytta til kampsakene våre.

I tillegg til å arrangera eigne aktivitetar har medlemmer i fylkesstyret delteke på mange og varierte program i regi av andre, både i NtEU-organisasjonen og i samfunnet elles.

Årsmeldinga vil gje ei kortfatta og oversiktleg oppsummering av det me har halde på med i 2025 og litt inn i 2026.

Styret

Årsmøtet 14. mars 2025 valde følgjande styre:

Leiar:

Toril Mongstad, Alver

Styremedlemmer:

Sigmund Simmenes, Vaksdal

Hildur Straume, Bergen

Tore Flo, Bergen

Jane Nordlund, Alver

Frode Mannsåker, Bergen

Bjørnar Smørdal Grindheim, Alver

Varamedlemmer:

1. Ivan Tubez, Fjell/Øygarden (ny)

2. Åsmund Ohnstad, Voss, (ny)

3. John Dale, Vaksdal (tidligere styremedlem)

4. Knut Korsbrekke, Askøy (ny)

Diverre har det ikkje lukkast UmEU å utnemna ein kandidat til fylkesstyret, denne plassen har såleis stått tom heile året.

På konstituerande styremøte etter årsmøtet valde styret Sigmund Simmenes som nestleiar, som saman med Toril Mongstad og Jane Nordlund har utgjort arbeidsutvalet (AU).

Jane Nordlund har vore kvinnekontakt, Hildur Straume har hatt ansvaret for referatskriving og økonomi (kasserar) og Frode Mannsåker har vore rekneskapsførar.

Varamedlemene har vore innkalla til alle styremøta, og leiar i Bergen NtEU, Tor Sander har møtt som observatør.

ØKONOMI

Rekneskapen for 2025 er gjort opp med eit overskot på 120 233 kroner, mot budsjettert underskot på kr 40 600. Eigenkapitalen pr. 31/12-2025 var på 1 005 484 kroner. Fylket har god økonomi. Hovudårsaka er at me har mange medlemer, men likevel få lokallag som oppfyller krava til å få kontingentrefusjon. Difor betalar me inntil vidare m.a. for lokale tillitsvalde si deltaking på sentrale arrangement og andre kurs og konferansar. Utgiftene i 2025 var om lag som i 2024, men mykje mindre enn budsjettert. Det var særleg mindre kostnader til studiemøte/seminar, aksjonar, kampanjar og eksterne konferansar.

Frank Mo vart attvald som revisor av årsmøtet i 2025.

AKTIVITETAR I FYLKESSTYRET

Det har vore i alt 15 styremøte i perioden frå årsmøtet i 2025 og fram til årsmøtet 2026. Digital møteform har vore mykje nytta. Fysiske møte har funne stad i Raudt Hordaland sine lokale i Bergen. Der leigar me arkivrom og har tilgang til gratis møterom.

AU har hatt fleire digitale møte og har i tillegg kommunisert på e-post i saker som har gjort krav på det. Aksjonsgruppa, der AU er med, har hatt mange møte, dei fleste digitale.

31.10 og 1.11. hadde styret det årlege seminaret, også denne gongen på Alver hotell. Dette er ei samkome der styrets funksjon, roller og rollefordeling, arbeidsform og samhandling vert diskutert. Kva gjer me bra, og kvar er det rom for betring. Brukar me ressursane våre rett? Arbeider me godt med dei rette sakene? Viktige spørsmål å diskutera og finna svar på.

Den sosiale dimensjonen skal og takast i vare, noko som og er eit mål i slike seminar.

Det vert arrangert samankome med styremøte og mat i juni og i desember. Desse finn stad hos fylkesleiaren privat.

Fylkeslaget har arrangert ulike aktivitetar. Det har vore fleire samlingar i regi av Nei til EU sentralt som fylkesleiar møte, rådsmøte, fagleg konferanse, kvinnekonferanse og landbrukskonferanse. Desse har hovudsakleg gått føre seg fysisk, med unntak av fylkesleiar møta som er digitale.. Fylkesstyret sine medlemer har delteke aktivt på mange av desse arrangementa. I tillegg deltek fylkesleiaren med fleire i fylkesnettverket som er ei uformell samling av fylkesleiarar frå alle fylkeslaga i landet. Alle møta i dette nettverket har vore digitale. Medlemer av fylkeslaget har og delteke på aktivitetar arrangert av andre enn NtEU.

Mykje av dette vil i det følgjande verta meir fyldig omtala.

UTVIKLING I MEDLEMSTAL

Det har nok ein gong vore ein liten reduksjon i medlemstalet i Hordaland NtEU, det same gjeld for landstala. Ved årsskiftet var det registrert 1797 medlemer, av desse var det 85 medlemer som ikkje hadde betalt kontingenten. Dette utgjer 4,7% av medlemsmassen, noko som er eit lågt tal i denne samanhengen. Det kan nemnast at for 3 år sidan var det om lag 9% som ikkje hadde betalt. Fylkesstyret er aktive på kontingentpurringar, det gjev resultat. Direkte vervearbeid er knytt til andre aktivitetar som styret har som stands, seminar, deltaking på arrangement i regi av andre og liknande. Dette har diverre ikkje gjeve stor uttelling. Nyinnmeldte får alltid ei personleg velkomsthelsing frå fylkesleiar eller lokallagsleiar.

Medlemsutvikling i Hordaland Nei til EU

År	Talet på betalende medlemmer	% av 2011
2025	1712	81,13%
2024	1744	82,65%
2023	1789	84,8%
2022	1855	87,9%
2021	1805	85,5%
2020	1812	85,8 %
2015	1808	85,7 %
2011	2110	100,0 %

For NtEU totalt viser medlemstala

År	Talet på betalende medlemmer	% av 2011
2025	18129	63,56%
2024	18490	64,8 %
2023	18661	65,4 %
2022	19715	69,1 %
2021	19500	68,3 %
2020	19583	68,3 %
2015	23183	81,3 %
2011	28524	100,0 %

Nasjonalt er det i tillegg 1392 medlemmer som ikkje har betalt kontingent, noko som gjev ein ubetalt prosent på 6,9.

AKTIVITETAR I EIGEN REGI

Etablering av arbeidsgruppe for meir aksjonsretta verksemd i fylkesstyret.

Styret etablerte ei arbeidsgruppe for meir aksjonsretta verksemd tidleg i 2025. Der har AU med Toril Mongstad, Jane Nordlund og Sigmund Simmenes delteke saman med leiar i Bergen NtEU, Tor Sander. Gruppa har arbeidd med planleggjing og organisering av seminar, møte, lokallagsetablering, stands-aktivitetar, valkampretta verksemd, utforming og trykking av løpesettar mm. Det vil føra for langt å gå i detalj på alle aktivitetane, men dei vil verta nemnda i ein meir kortfatta versjon

Seminar og andre opne møte.

Det vart arrangert årsmøteseminar dagen etter årsmøtet, 15. mars 2025. Det var fleire interessante tema som energipolitikk, byråkrati i EU, helse, juss og EØS / EU, handlingsrom

innafor EØS-avtalen. Følgjande innleiarar deltok: Tor Sander, Morten Harper, Trine Lise Sundnes, Toril Mongstad, Sigmund Simmenes, Kjell Brygfeld. Det var god oppslutning om seminaret, og deltakarane kom med spørsmål og innspel til debatt. Seminaret var på Thon Hotell Rosenkrantz.

13. august vart det arrangert seminar på Hovudbiblioteket i Bergen sentrum. Tema var EU-medlemskap, for og imot. Jan Erik Grindheim stilte for ja-sida, og Morten Harper innleia for nei-sida. Etter innleiingane og debatt relatert til desse, var det politisk debatt der alle partia som er på Stortinget møtte med kvar sin representant. Vegard Flatøy, redaktør i avisa Nordhordland, leia debatten. Eit vellukka seminar med mange frammøtte som stilte spørsmål og deltok i debatten.

Det har vore arrangert fleire opne møte / studiekveldar i Bergen, Voss og Odda ila året. Oppmøtet er varierende på desse arrangementa, dei har likevel absolutt sin funksjon for dei som deltek.

Stand og standsmateriell

I løpet av 2025 har det vore arrangert om lag 25 stands, desse har vore mange stader i fylket som Bergen, Knarvik, Odda, Husnes, Voss og Askøy. Det vart produsert egne løpesetlar med klare budskap. Spesielt til valkampen vart det laga ein løpesetel der resultata av utspørjing av stortingskandidatar for fylket var med. i forkant av denne hadde me kontakta og sendt ut skjema til alle partia som stilte til val og som var representerte på Stortinget. Ein valgomat var med på fleire av løpesetlane. Innkjøp av løpesetlane har vore eit samarbeid mellom fylkeslaget og lokallaga Bergen og Alver. Lokallaget i Ullensvang fekk ein del av desse.

Aktivitatar på sosiale media

Me publiserer på Facebook med meir ujamne mellomrom enn før. Årsaka er at det i nesten heile arbeidsåret berre har vore ein person på dette arbeidet. Det har likevel vore viktig at i alle fall alle arrangement har vore publiserte på Facebook.

Det er no fleire som kan publisera på heimesida og det har hjelpt på. Organisasjonen har også nyleg fått nye heimesider. Dette omfattar og fylkeslaga og me håpar dette vil gje ei betre og meir oversiktleg heimeside.

Lesarbrev

Det er framleis ein kamp for å få inn lesarbrev der me signerer med Hordaland Nei til EU. Dette synest å vera utfordrande i heile landet. Me har likevel lukkast i å få på trykk nokre få meningsytringar.

Auka samarbeid på tvers av fylka

Det gode og gjevande samarbeidet i fylkesnettverket har halde fram. Det er månadlege møte, alle er nettmøte. Fleire fylke har deltatt på eit spleiselag for annonsering i ein del landsdekkande aviser. Det er vanskeleg å måla effekten av slik annonsering, men me meinte det var naudsynleg som ei motvekt til Europabevegelsen sine mange annonser som går nærast kontinuerleg.

Ungdom mot EU

Det har diverre ikkje lukkast oss å få styremedlem frå UmEU, og kontakta med organisasjonen har vore minimal.

Deltaking i aktivitetar i regi av Nei til EU sentralt, fylkeslag og lokallag

Det har vore to rådsmøte i 2025, i april og i november. Toril Mongstad og Sigmund Simmenes deltok på begge. På møtet i april deltok Jane Nordlund som observatør. Hildur Straume møtte som medlem i Kontrollkomiteen på begge møta.

Delegasjonen vår møter alltid godt budde, og i november lukkast det fylkeslaget å få vedteke organisasjonsgjennomgang etter initiativ spelt inn frå oss. Me vil følgja dette arbeidet nøye. Det er etablert ei arbeidsgruppe der Jane Nordlund er med frå oss.

Arbeidsgruppa Kontroll på krafta

Som nemnt i årsmeldinga i fjor vart det i 2024 etablert eit informasjonsnettverk om kraftpolitikk, etter initiativ frå Oslo Nei til EU. Gruppa vart slått saman med “ACER-gruppa”, og vart kalla “Kontroll på krafta”. Gruppa har sett opp to hovudmål: Fornybardirektivet må avvisast, og Noreg må melde seg ut av EUs energiunion. Det har også i 2025/26 vore digitale møte nesten månadleg, med deltakarar frå dei fleste fylkeslaga i Nei til EU. Frode Mannsåker møter frå Hordaland, i tillegg møter Mette Sivertsen frå Bergen Nei til EU (og sentralstyret). I møta har det vore innlegg frå ulike fagfolk og aktivistar på feltet frå t.d. Motvind. Ved årsskiftet er det sett i gang eit arbeid for å få fram til Stortinget eit forslag om nasjonal fordelingsmekanisme for elektrisk kraft.

Fylkesleiarmøte

Det har vore i alt 7 fylkesleiarmøte, alle digitale. Toril Mongstad har møtt på dei fleste av desse. Me har og hatt observatørar til dei fleste møta. Nytt i desse møta er at no får også observatøren koma til orde.

Kontrollutvalet i Nei til EU

Hildur Straume sit som medlem i kontrollutvalet i Nei til EU, attvald på landsmøtet 2024. Ho møtte på rådsmøta i april og november 2025 samt på fysisk møte i utvalet i tilknytning til rådsmøtet i april. Utover dette, har det vore kontakt på e-post mellom medlemmene i utvalet.

Fondsstyret i Nei til EU

Hildur Straume sit i styret i kampfondet (kampfond til bruk ved ein eventuell ny folkeavstemming om tilknytingsforma vår til EU). Det har ikkje vore møte i kampfondet i 2025, men fondsstyret er blitt orientert på e-post når det har vore noko å melde; m.a. sluttrapporten for 2024 frå Landkreditt.

Kvinneutvalet

Jane Nordlund er kvinnekontakt i fylkesstyret. Det var ikkje arrangert kvinnekonferanse i 2025 i Nei til EUs regi. Jane deltok på konferansen Kvinner på tvers som vart arrangert i Oslo i november.

Årsmøte i Bergen Nei til EU

Lokallaget i Bergen hadde årsmøte onsdag 23. april. Lokallaget har hatt eit stabilt og godt styre i fleire år, og heller ikkje denne gongen vart det store utskiftningar. Tor Sander vart attvald som leiar, saman med eit styre på 8 personar. Kasserer Nora Stegane la fram ein rekneskap som viste at lokallaget er drive godt, og har god økonomi.

Det har vore eit aktivt år, med stands, aksjonar, medlemsmøte og ekstra fokus på stortingsvalet. Styremedlem i Bergen NtEU, Mette Sivertsen, er medlem i sentralstyret.

Årsmøte i Alver Nei til EU

Det var årsmøte i Alver Nei til EU 19. mai 2025. På konstituerande styremøte like etter årsmøtet vart Geir Nilssen vald som leiar. Dette har ført til større aktivitet i lokallaget med både styremøte, opne møte og stand. Fylkesstyremedlemene Jane Nordlund og Toril Mongstad er og med i Alver NtEU sitt styre

Skipingsmøte Ullensvang Nei til EU

I samband med samanslåing av tre lokallag, Ullensvang, Odda og Jondal, vart det halde skipingsmøte i Odda 8. mai der representantar frå dei tidlegare laga var til stades. Laga vedtok å slå seg saman til Ullensvang NtEU, og det vart halde konstituerande styremøte der Robin Tveit vart vald som leiar.

Frå fylkesstyret deltok Toril Mongstad, Jane Nordlund, Sigmund Simmenes og Hildur Straume.

Dei tre førstnemnde hadde vore i Odda tidlegare på året i samband med vitalisering av lokallaga, og hadde dermed også vore med på å leggja grunnlaget for samanslåing til eit nytt lag.

Fiskeripolitisk utval

Toril Mongstad deltek framleis i dette utvalet. Sjølve utvalet har lite aktivitet, men ein del av dei aktuelle sakene vert tekne i vare i Kyst- og fiskalliansen. Etter kvart er arbeidet i denne alliansen mykje konsentrert og fiskeripolitiske utfordringar i nord. Toril har difor vald å ikkje delta på desse møta i 2026 og vil prioritera dei møta som er i det NtEU-oppnemnde utvalet.

Verving og kontingentpurring

Verving går no stort sett føre seg med innleigd ringehjelp sentralt. Me deltok ikkje nemneverdig i verving av nye medlemer i regi av sentral i 2025. Derimot er me aktive i kontingentpurring og er godt nøgde med at betaltprosent er rundt 95.

Deltaking i aktivitetar i regi av andre

Årsmøte i ArkiVest

Årsmøtet vart halde 22.04.2025. Frode Mannsåker møtte.

Aksjonsdag i Oslo 26. mars – kontroll på krafta

Toril Mongstad deltok.

Etnemarknaden 1. til 3. mai

Toril Mongstad, Jane Nordlund og Sigmund Simmenes deltok

Motvindarrangement i Etne 2. august

Dei som var på Etnemarknaden deltok her og Toril held appell.

Møte i INP Husnes 13. mai

Tori Mongstad, Jane Nordlund og Sigmund Simmenes deltok. Toril hadde innleiing om EU og EØS. Spørsmål og debatt etterpå.

I forkant av møtet var det stand på Husnes senter.

Møte i partiet Konservativt 18. juni

Toril var invitert til å halda foredrag om EØS-avtalen. Ho deltok og på debatten etter foredraget.

Kontor og lager

Her er situasjonen som før, me leigar eit rom som fungerer som både lager og arkiv, i Raudt sine lokale i Hans Tanksgate 17, og me nyttar av og til møterommet der til fylkesstyremøte.

Lokallag i fylket

Det er lokallag i Alver, Askøy, Bergen og Odda. Askøy valde like etter årsskiftet å leggja ned. Dei tre andre lokallaga er aktive.

2026 så langt

Styret har halde fram som vanleg i det nye året med styremøte, stand og planleggjing av ulike aktivitetar.

Fylkesleiaren deltok på Trondheimskonferansen 30.1.-1.2.

Medlemer i styret engasjerer seg i å halda helsingstalar på årsmøte i politiske parti og organisasjonar.

Ei arbeidsgruppe i fylkesstyret er i gang med å planleggja studietur til Brussel i mai 2026.

Toril Mongstad deltek i ei arbeidsgruppe der fire fylkeslag arbeider med å arrangera ein større konferanse i Oslo i slutten av september 2026.

Jane Nordlund deltek i ei arbeidsgruppe som skal sjå på organisasjonen NtEU. Dette arbeidet kom i gang etter innspel frå Hordaland NtEU på rådsmøtet i november 2025.